

OSTERØY BASKETBALL OSTERØY BASKETBALL OSTERØY BASKETBALL

ÅRSMELDING 2001 (2001 – 02)

Denne sesongen har vore litt ujamn for Osterøy basketball. Me har halde aktivitetstilbodet på same nivå som i 2000-2001; me har hatt 3 grupper i sving på treningane, og heile 4 lag som har spelt serie og miniserie. Vidare har me vore aktive som instruktørar på Idrettsskulen, og me har hatt 2 utsendingar til England på det årlege seminaret til Hordaland basketball krins. Astrid Sofie Vardøy og Cathrine Gjeitrem har vore instruktørane våre på idrettsskulen. Dei fortener blomar for å ha teke på seg denne oppgåva. Mange takk skal de ha !

Styret ser det slik at særleg to tilhøve krev mykje innsats og organisering. Det eine gjeld økonomien til drift av laget, og det andre gjeld trenarspørsmålet.

Vedkomande økonomien så har kasserar Sigurd Inge Vardøy gjort ein eineståande jobb i år som i fjar. Han har laga opplegg over eit breitt register; avtalar med bankar, treningsavgifter, sponsorar, loddsal og konsert med Charmed. Stor takk til han.

Likevel vil økonomien framover vera ei kontinuerleg utfordring. Mellom anna den dyre hallleige gjer at representantar for styret bør be om eit formelt møte med kommunen om saka.

Når det gjeld trenarspørsmålet så viser det seg at me ikkje har hatt god nok organisering og kapasitet til å ta oss skikkeleg av alle grupper denne sesongen. Etter at me la om treningane har dette særleg gått ut over Gutar 13. Desse ivrige gutane har møtt opp til fleire kamper utan å ha med seg ansvarleg trenar eller oppmann. Dette er ikkje godt nok, og me må sikra oss at dette ikkje skjer framover.

Førebelser har me ikkje hatt økonomi til å løna nokon trenar, så alle trenarar gjer dette friviljug, enten av eiga interesse, eller for å fylgja opp eigne born. Slik er det og med foreldre som har oppgåver i sekretariatet, foreldre som skyssar til kamper og ungdomane som stiller på idrettsskulen.

Ein av ungdomane som var med å trena har slutta, og me har fått ein ny foreldretrenar i løpet av sesongen; nemleg Geir Johannessen. Me beklagar svært at ein slutta, men er og svært glade for å ha fått ein ny. Me treng framleis fleire.

Elles syner det seg at oppslutninga er størst mellom dei yngste, og aktive i gruppene minkar med aukande alder. Ei forklaring på dette kan vera at eit stort fleirtal av 15-åringar som driv idrett har funne sin idrett før basketen vart introdusert i Osterøy. Fleire av dei yngre ser ut til å velja basket som sin første, eller einaste idrett.

Styret ser det som viktig at fleire foreldre vert med og deler på dei ulike oppgåvene. I samband med innkallinga til dette årsmøtet har me difor særleg invitert foreldre. Mange av oss har sete i styret i fleire periodar og ynskjer avløysing. Me treng interesserte foreldre som trenarar, eller hjelpetrenarar, til sekretariat ved heimekamper, og til transport til utekamper.

Me har mange foreldre med som tek eit tak i dag, og dersom me fordoblar styrken er me godt rusta til neste sesong.

Styret har vore:

Jøran Solberg
Roald Åge Kleppe
Wenche Mjelde
Harry Inge Gjeitrem
Sigurd Inge Vardøy
Marit Birkås
Christian Lampe

Trenarar:

Jøran Solberg
Kenneth Nyheim
Geir Johannessen
Roald Åge Kleppe

Sekretariat:

Harry Inge Gjeitreim
Cathrine Gjeitreim

Idrettsskulen:

Astrid Sofie Vardøy
Cathrine Gjeitreim

Osterøy basketball,
styret